

**Telemark folkemusikksenter
tilbyr hausten 2017 konsert
med trioen**

GLIMA



Foto: Anders K. Rue

Aktuelle datoar:	Oktober (minus 20.-25.okt.) November- veke 44 og 47 Desember – veke 50, 51, 52 Andre datoar kan også vere aktuelle etter avklaring med gruppa. Kom gjerne med ønskje!
Pris:	5.000 kr inkl. reise. Dette er ein sterkt subsidiert pris
Krav til lokale:	Ingen spesielle. Dei spelar gjerne i intime lokale, og har med alt av teknisk utstyr sjølve.
Tinging eller spørsmål:	Telemark folkemusikksenter v/ Kjell Stundal Tlf: 90 12 75 13 e-post: telemark@musikk.no

Konsertane vert fordelt etter prinsippet «først til mølla» - dei fem første får

Trioen **Glima** framfører tradisjonell norsk folkemusikk i egne arrangement, mest frå Telemark og Nordfjord. Musikarane nyttar hardingfele, bratsj og cello, eller to hardingfeler og cello, i tett samspel. Glima arrangerer slåttane på folkemusikkens egne premiss, og resultatet kan gjerne kallast kammerfolkemusikk. Cello og bratsj ikkje berre akkompagnerar, men følger hardingfela inn i stoffet. Repertoaret spenner frå drivande danseslåttar med rytmisk snert til vare visetonar i nennsomme arrangement.

Musikarane har solid forankring i den tradisjonelle folkemusikken, men let seg og inspirere av andre impulsar. Glima har spelt saman sidan 1997 og kom med sin første CD- GLIMA-, i 2001. CD nummer to - TÅRÅN- blei nominera til Folkelarmprisen i 2009. CD nr.tre i trilogien – LJOSE-SIGNE- kom ut hausten 2016. Konsertserien hausten 2017 vil i hovudsak presentere musikk frå den siste utgjevinga, men vil og by på tidlegare og nyare stoff.

Glima har m.a. delteke på Telemarkfestivalen og Jorvik Viking Festival, York (UK), spelt i Paris og Joigny i Frankrike, og halde eigen konsert under festivalen 'Tradition for tomorrow' i Akureyri på Island i august 2014. Elles har dei spelt både barnehagekonsertar, delteke på ulike musikalske arrangement med innslag og halde eigne kveldskonsertar, både i Telemark, der gruppa held til, og i andre delar av landet. Hausten 2012 heldt dei eigen konsert på Riksscena for folkemusikk og folkedans i Oslo.



Foto: Anders K. Rue

Torunn Raftevoll Rue (1964) (hardingfele) er frå Hornindal i Nordfjord og er godt forankra i folkemusikktradisjonen derifrå. Ho er ein erfaren og mykje brukt soloutøvar på hardingfele. Ho er medlem av Honndalstausene og musikalsk leiar i spelemannslaget i Seljord folkemusikklag. Torunn spelar i klasse A både på hardingfele og vanleg fiolin og er mykje brukt som kappleiksdommar. Ho har også drive med hardingfele/fele-opplæring.

Ragnhild Knudsen (1958) (bratsj/hardingfele) har musikkutdanning frå konservatoriet i Bergen og hovudfag i musikkvitenskap frå Universitetet i Oslo. Som utøvar er ho aktiv i fleire samanhengar, bl.a. i spelemannslaget i Seljord folkemusikklag og spelar bratsj i Telemark strykekvartett, i tillegg til diverse solo-opdrag. Ho er lektor ved folkemusikkstudiet i Rauland, Høgskolen i Sørøst-Noreg. Ho er også fiolin- og hardingfelelærer i Seljord kulturskule.

Helene Waage (1966) (cello/vokal/harpe) har musikkutdanning frå Norges musikkhøgskole og Universitetet i Oslo. Ho har i mange år arbeidd som frilansmusikar i ulike samanhengar, bl.a. Gjertruds Sigøynerorkester, som teatermusikar, med skulekonsertar, og som terapeutisk musikar i eldreomsorga. Ho har samarbeida med musikarar innan ulike sjangrar og har delteke i ei rekke ulike prosjekt, både som musikar og komponist, m.a. i tverrfaglege produksjonar med andre kunstuttrykk. Helene har medverka på mange cd-utgjevingar.

Følg Glima på Facebook: <https://www.facebook.com/Glima-163336391961/?fref=ts>